

Erling Berge, NTNU, Trondheim

ØKONOMISK OG SOSIAL UTVIKLING I MALAWI

Kronprinsesse Mette-Marit er i Malawi. Nordmenn busett i Malawi får invitasjon til å komme på konsert. Joda, vi kan slå fast at Kronprinsessa kan jobben sin. Og ho gjer den godt. Med ein hale av pressefolk etter seg får ho mediefokuset retta mot helsestellet i Malawi generelt og HIV/AIDS problemet spesielt. Det norske folket skjønar no betre at Noreg må yte meir hjelp til Malawi. Men kva veit nordmenn om Malawi? Og kor mye skjønar vi av kva u-hjelppsystemet gjer med eit land?

Malawi ligg inneklemt mellom Mozambique, Tanzania og Zambia, og er etter Afrikansk målestokk eit lite land, berre ca ein fjerdedel av Noreg i areal om vi held den svære Malawisjøen (24300 kvadratkilometer) utanfor. Landet ligg langs det som vert kalla "Rift" dalen. Rift dalen er ein del av ein lang sprekk i jordskorpa som går frå Libanon til Mozambique. Både aktive vulkanar og varme kjelder vitnar om at sprekken framleis er aktiv. Victoriasjøen, Tanganiykasjøen og Malawisjøen ligg alle i denne dalen.

Malawi ligg på vestsida av Malawisjøen og er prega av fjell som går opp til 3000 meter og ein brei fruktbar dal, Shire-dalen, i sør. Landet er eitt av dei tettast folkesette landa i Afrika med ca 11 millionar innbyggjarar i dag. Mellom dei to folketeljingane i 1987 og 1998 var det ein gjennomsnittleg årleg vekst i folketalet på ca 2,2%. Dagens tal ligg på same nivå.

Malawi er rekna som eit svært fattig land og har vore hovudsamarbeidsland for u-hjelp frå Noreg sidan 1997. Utanom god jordbruksjord har ikkje landet verdifulle naturressursar som t.d. olje, gull eller diamantar. Så er det da også eit rimeleg fredeleg land utan verken interne eller eksterne krigar. Viktigaste næringsvegen har tradisjonelt vore produksjon av tobakk. Men siste åra har prisane på verdsmarknaden falle dramatisk. Slik har konsekvensar langt utanom plantasjane.

I dag kan ein lure på om ikkje tenesteproduksjon for u-hjelpsarbeidarar er på veg opp mot første plass som eksportnærings. Ein oversikt over den totale u-hjelpsiinnsatsen er det visst ingen som har. Talet på organisasjonar må i alle fall reknast i hundrevis. Arbeidsinnsatsen frå kvar varierer svært mye: frå nokre få dagars besøk for eit par personar til årelang innsats frå store delegasjonar. UNICEF til dømes har ein permanent delegasjon på om lag 80 personar.

Malawi har vore sjølvstendig sidan 1964, men er i dag på mange område mye dårlegare stilt enn det var i 1964, i alle fall om ein skal tru reportasjar i lokale aviser. Det skal ein normalt ikkje gjere. Men når fredskorpsdeltakarar frå slutten av 60-talet vert intervjuet og sjokkert fortel om forfallet for skolane dei underviste på den gongen



høyrest det sant ut. Og når økonomispaltisten i lokalavisa funderer over ei svindelsak i utdanningssystemet med eit økonomisk tap i storleiken 10 millionar kroner gjer både han og vi rett i å tenkje etter kva det er som motiverer byråkratar og forretningsfolk.

Mangelen på fellesgode er det ein nordmann først legg merke til etter å ha busett seg i landet. Særleg er det tydeleg at offentlege gode der det er vanskeleg å rekne ut eller krevje inn tilstrekkeleg av individuelle brukaravgifter vert skadelidande. For elektrisitet og telefon kan ein krevje inn brukaravgifter og dette er tenester som fungerer på eit vis. Men folk flest har ikkje råd til desse. For vegar, helsestell og skolar er brukaravgifter vanskelegare. Skolesystemet har likevel siste åra vorte delvis privatisert og baserer seg no på skolepengar. For mange er det eit problem å skaffe desse pengane og mange kjem for å ”låne” pengar til å betale skole for barn eller søsken. Dersom allmennutdanning ikkje er viktig for økonomisk og sosial utvikling skulle brukaravgifter på skole vere eit akseptabelt tiltak. For vegar og helsestell kan det vere enno vanskelegare å argumentere for kostnadsdekning gjennom brukaravgifter.

Mangelen på offentleg innsats for utdanning, helse og vegar er tydeleg. Men om dette har noko å gjøre med korleis u-hjelppsystemet fungerer kan ein berre spekulere over. Eit stykke på veg er det i alle fall slik at offentleg innsats er styrt av prioriteringane til donororganisasjonar. Om det finst eigengenererte skatteinntekter som vert brukt fornuftig på andre tiltak enn det donorane prioriterer er vanskeleg å sjå. Kanskje er det ikkje meir av slike middel enn det sentraladministrasjonen treng i løn? Da kan det neppe dreie seg om store beløp. Byråkrater flest tener ikkje så mye at dei kan leve av det. Svært mange har arbeid ved sida av. For mange er assistanse for donororganisasjonar på eitt eller anna vis det som reddar levestandarden. Heller ikkje driftsbudsjetta rekk langt. I det nasjonale statistiske kontoret, for eksempel, er no telefonen stengt av. Dei ubetalte telefonrekningane er vortne for store.

Det kan seiast svært mye godt om hjelppesystemet. Både den personlege motivasjonen til dei som reiser for å yte ein innsats og det dei får utretta i einskildprosjekt er rosverdig. Men les ein litt historie og freistar sjå kva som ikkje skjer utanom u-hjelppsystemet må det vere lov å stille spørsmål: Hjelper det å hjelpe?

Men kva kan ein seie etter å ha budd 3 veker i landet? Underteikna verken kan eller vil felle nokon dom over uhjelppsystemet basert på tilfeldige og rimeleg overflatiske observasjonar. Men det vesle eg har sett så langt synest stemme med mye av det teorien seier om korleis motivasjonen for borgarar og politikarar vert vridd vekk frå slik aktivitet som kunne føre i retning av å gjøre dei sjølvhjelpe. Ein politikar i dagens Malawi vil ikkje ha stor suksess med å be folk om å yte meir i arbeidslivet og fundere på korleis lover og reglar kan lagast for å lønne ærleg arbeidsinnsats. Derimot vil den politikaren som kan motivere donorar til å opne pengesekken på eitt eller anna vis, gjøre det godt. Når opposisjonen kritiserer regjeringa for feil bruk av pengar og ressursar kan den som regel vise til at alt er godkjent og betalt av donorar. For opposisjonen er det lite å vinne på å kritisere prioriteringane til donorar. Kva slags politisk og økonomisk dynamikk fører eit slikt system til? I alle fall ikkje til noko som kan først vidare ved eigen innsats. U-hjelpa blir ein slags næringsveg. Skulle u-hjelpa bli borte blir det skikkeleg økonomisk krise.